

# Forslag til brev til Samferdselsavdelinga i HFK

## TT-kort til bebuarar i institusjon

Fylkeseldrerådet syner til orientering i rådet sitt møte den andre februar i år om ordninga med TT-kort i HFK. Orienteringa, vart gitt av Rolf Rosenlund frå Samferdselsavdelinga. Rosenlund understreka mellom anna at kortet blir gitt etter søknad og nøye vurdering av i kor stor grad søkjaren kan nytta kollektive transportmiddel, og at kortet er meint til fritidsreiser, ikkje til legebesøk og anna som har med helsa å gjera.

Fylkeseldrerådet har merka seg at det i punkt 12 i "Retningsliner for Transportordninga for funksjonshemma i Hordaland" (TT-kort) vert gjort forskjell mellom innehavarar av TT-kort når dei er bebuarar i ein institusjon. Punkt 12 lyder: "Personar med fast plass i institusjon vert berre godkjend som brukar dersom dei er avhengig av rullestol eller er blind/sterkt svaksynt."

I møtet fekk rådet bekrefte at formuleringa vil seia at ein person som har TT-kort når vedkommande vert fast bebuar på institusjon, og som ikkje er rullestolsbrukar eller blind/ svaksynt, misser retten til TT-kort.

Denne praksisen meiner rådet er både aktivitetshemjande og diskriminerande overfor desse, som då, frå ein dag til annan misser ein rett dei tidlegare har hatt og som dei har fått etter nøye vurdering. Rådet meiner vidare at denne praksisen særleg rammar eldre som vert bebuarar på institusjon, til dømes på ein sjukeheim.

Rådet ber difor om at punkt 12 vert endra slik at eldre som vert bebuarar på institusjon, og som har TT-kort når dei flyttar inn, ikkje automatisk misser dette.

### *Grunngiving*

Institusjonens oppgåve er å ta hand om deg fordi du ikkje lenger kan klara deg i heimen. Men dét, at du ikkje kan klara deg i heimen, betyr ikkje at du ikkje har behov for å treffa vener og familie, og dei deg, utanom "dei fire veggane", eller å vera med på ymse aktivitetar utanom institusjonen. Særleg dei første åra vil desse behova vera slik dei var før flyttinga til institusjon. Slik praksisen med TT-kort er no, vil det vera slik at dersom du sit i rullestol eller er blind/svaksynt når du vert bebuarar på ein institusjon, så kan du framleis nytta TT-kortet til fritidsaktivitet og sosial omgang. Men dersom du ikkje kjem i denne gruppa, så misser du kortet og vert avhengig av velvilje frå nettverket ditt eller institusjonen du bur på for å delta sosialt utanfor institusjonen, og du må sjølv fullt ut betala transportkostnadene til og frå.

### *Kostnader*

Rådet er merksam på at endring av punkt 12 i retningslinene slik rådet ynskjer, kan medføra noko større utgifter enn før, og dermed kan føra til at færre kan få TT-kort. Rådet meiner likevel at auken ikkje kan vera større enn at ei endring let seg forsvare, særleg når reglane også er slik at dei som er over 80 år får automatisk fornying utan ny vurdering av behov.

### *Konklusjon*

*Fylkeseldrerådet oppmodar Samferdselsavdelinga i HFK til å endra ordlyden i punkt 12 i "Retningsliner for Transportordninga for funksjonshemma i Hordaland" (TT-kort) slik at (eldre) personar som allereie har TT-kort ikkje misser kortet når dei får fast plass i institusjon.*

For fylkeseldrerådet i Hordaland

Kåre Ystanes

Leiar